

5 Samiske bokutgjevingar i Noreg – eit uttrykk for norsk samepolitikk?

Trond Trosterud, professor, UiT – Norges arktiske universitet

5.0 Samandrag	1
5.1 Innleiing	2
5.2 Bokutgjevingar på nordsamisk	2
5.2.1 Perioden før Bergsland-Ruong-rettskrivinga	4
5.2.2 Perioden med Bergsland-Ruong-rettskriving (1947–78)	7
5.2.3 Perioden med den noverande rettskrivinga	11
5.3 Det materielle grunnlaget for samisk bokproduksjon	14
5.4 Konklusjon	15
5.5 Tiltak	16
5.6 Referansar	17

5.0 Samandrag

Artikkelen gjev ein ny innfallsvinkel til analysen av samisk språkpolitikk i Noreg. Talet på bokutgjevingar på nordsamisk frå år til år kan vere ein konkret indikator på dei politiske vilkåra for den samiske skriftkulturen, og dermed på samisk kultur og samfunnsliv i det heile. Særleg med så få utgjevingar som det er på samisk, vil statistikken til ein viss grad vere prega av tilfeldige svingingar og produktive tiår for visse forfattarar. Samtidig har samiske utgjevingar alltid vore regulert politisk, både i den tida då stat og kyrkje var to sider av same sak og kyrkja gav det ideologiske grunnlaget for stat og kultur, vidare gjennom fornorskingsperioden, og i seinare periodar via ulike val i den statlege språkpolitikken for publisering av og tilskott til både skolebøker, offentleg informasjon, skjønnlitteratur og sakprosa.

5.1 Innleiing

Denne artikkelen gjev ein ny innfallsvinkel til analysen av samisk språkpolitikk i Noreg. Tanken er at talet på bokutgjevingar på nordsamisk frå år til år kan vere ein konkret indikator på dei politiske vilkåra for den samiske skriftkulturen, og dermed på samisk kultur og samfunnsliv i det heile. Særleg med så små tal som det er for utgjevingar på samisk, vil statistikken til ein viss grad vere prega av tilfeldige svingingar og produktive tiår for visse forfattarar. Samtidig har samiske utgjevingar alltid vore regulert politisk. Slik var det i den tida då stat og kyrkje var to sider av same sak og kyrkja gav det ideologiske grunnlaget for stat og kultur, vidare i fornorskningsperioden, og i seinare periodar, då ulike val i den statlege språkpolitikken for publisering av og tilskott til både skolebøker, offentleg informasjon, skjønnlitteratur og sakprosa påverka bokproduksjonen.

Det empiriske grunnlaget er Nasjonalbiblioteket si digitalisering av all litteratur som er gjeven ut i Noreg, og databasen Oria, som inneheld alle bøker på nordsamisk registrert i norske universitetsbibliotek, uavhengig av publikasjonsland.¹ Oria sitt oversyn (januar 2020) gjev 4028 nordsamiske publikasjonar i Noreg, 585 i Finland og 348 i Sverige. Artikkelen avgrensar seg til bøker på nordsamisk som er gjevne ut i Noreg, men som tala frå Oria viser, vil handsaminga sjølv med denne avgrensinga likevel dekke fire femdelar av alle nordsamiske publikasjonar.


Kapittel 5.2 gjev eit kvantitativt oversyn over og ei drøfting av bokutgjevingane. Kapittel 5.3 ser kort på det materielle grunnlaget for utgjevingane. Til slutt kjem ein konklusjon og framlegg til tiltak for ein styrkt samisk litteratur.

5.2 Bokutgjevingar på nordsamisk

Eg deler materialet opp i tre periodar, med 1948 (innføringa av den såkalla Bergsland-Ruongrettskrivinga) og 1979 (innføringa av noverande rettskriving) som tidsskilje. For den siste perioden har eg brukt Nasjonalbiblioteket si sjangerinndeling. For dei to første periodane gav ikkje denne inndelinga meining, så her har eg gått gjennom publikasjonane manuelt. Figur 5.1 viser talet på nordsamiske bokutgjevingar i Noreg, tiår for tiår. Figuren viser digitaliserte bøker, så nedgangen for det siste tiåret kjem av etterslep i digitaliseringa.

¹Takk til Frode Nilsen ved UB ved Noregs arktiske universitet for hjelp med å trekke ut data av Oria. Når det gjeld tala frå Nasjonalbiblioteket, er dei frå <http://bokhylla.no>, henta i mai 2020. Nasjonalbiblioteket digitaliserer samlingane sine kontinuerleg, og særleg Nasjonalbiblioteket sine tal over dei nyaste utgjevingane er ikkje stabile. Eg har brukt data frå Oria for å vise dei lange linjene i publikasjonshistoria, og Nasjonalbiblioteket sine data (som gjev tilgang til innhaldet i bøkene) for å analysere bøkene etter sjanger. Datagrunnlaget for dei to basane skil seg frå kvarandre til ein viss grad. Bøker i éin base kan mangle i den andre, og i begge basane er det til ein viss grad feil i metadata (t.d. er det ikkje alltid eit konsistent skilje mellom bøker på og om samisk), så data frå dei ulike kjeldene er ikkje direkte samanliknbare. Skilnadene er likevel små.


Figur 5.1 Bokutgjevingar på nordsamisk i Noreg, etter tiår, 1740–2010



Kjelde: Oria

Figur 5.1 fortel ikkje berre noko om språkpolitikk i Noreg, men vel så mykje om vilkåra for bokpublisering. Det er ikkje berre den samiske bokproduksjonen som er høgare no enn han var på 1700-talet, det same gjeld den totale bokproduksjonen. For å korrigere for den generelle auken i utgjevingar viser figur 5.2 tala frå figur 5.1 som promille av den allmenne bokutgjevinga i Noreg

Figur 5.2 Utgjeving av nordsamiske bøker som promille av utgjevingar totalt




Kjelde: Nordsamisk: Oria. Utgjevingar totalt: Nasjonalbiblioteket.

Den høge toppen rundt 1750 reflekterer at det generelt var ein låg bokproduksjon på 1700-talet, slik at det skulle lite til for å bli ein merkbar del av dei totale utgjevingane. Den langsiktige trenden figur 5.2 viser for tida etter 1820, er at den samiske bokutgjevinga ligg på eit stabilt nivå på mellom 6 % og 8 %, med ein topp rundt 1860, og med ein lågare periode frå starten av 1900-talet og fram til og med 1960-talet, der tala ligg på rundt 2 % av den totale bokproduksjonen.

5.2.1 Perioden før Bergsland-Ruong-rettskrivinga

Samisk publikasjonshistorie går attende til ei tid då stat og kyrkje var to sider av same sak, og då kyrkja både gav det ideologiske grunnlaget for statsdanninga og stod for kristendomsopplæringa. Figur 5.3 viser nordsamiske bokutgjevingar til perioden fram til 2. verdskrigen. For tida før 1814 inkluderer tabellen bøker som var publisert i Danmark.²

Figur 5.3 Bokutgjevingar på nordsamisk i Noreg, etter tiår, 1740–1939



Kjelde: Oria

Dei aller første bokutgjevingane, rundt 1750, fell saman med aukande misjonsverksemd i Danmark-Noreg. Presteutdanninga Seminarium Lapponicum Fridericianum i Trondheim vart starta opp att i 1752, og det er leiaren for seminaret, Knud Leem, som står for dei samiske publikasjonane i desse tiåra. Etter at Leem døydde i 1774, vart seminaret lagt ned, og misjonsarbeidet vart utført på norsk og ikkje på samisk. Resultatet vart fem tiår utan publikasjonar på samisk i Noreg. Ei framstilling av språkpolitikken for samisk i dei første 150 åra med samisk bokproduksjon, som mykje godt forklarar det tause halve hundreåret, er Qvigstad (1899).

² Utgjevingar i Sverige i løpet av unionstida 1814–1905 er ikkje med i dei digitaliserte samlingane i Nasjonalbiblioteket.


Den første publikasjonen på samisk i den nye norske staten kjem allereie i 1821, med ei utgjeving av presten Christian Weldingh (*Muttom laulagak majt Ibmeli Gudnen ja Samijdi Baijas-Rakadussan*), dei neste titlane er nyutgjevingar av Leem sine tekstar. I 1832 kjem den danske lingvisten Rasmus Rask med ein lingvistisk reanalyse av Leems grammatikk, og eit framlegg til ein ny ortografi for nordsamisk. Presten Nils V. Stockfleth blir inspirert av Rask og gjev ut ein grammatikk (1840) og sju andre titlar i tida 1837–57.

1852 er året for Kautokeino-opprøret, og det auka talet på utgjevingar for tiåra 1850–69 som går fram av figur 5.3, kan ein sjå som ein reaksjon på opprøret. Kyrkja publiserer liturgisk og annan religiøs litteratur og gjev konfirmasjonsundervisning på nordsamisk. Forfatternen som får flest publikasjonar på samisk i desse to tiåra, er Martin Luther, med omsette salmar, preiker, liturgi og katekisme, deretter kjem språkforskaren Jens A. Friis, med to salmebøker, ei lesebok, ei etnografisk eventyrsamling og ein grammatikk.

Med unntak av 1870- og 1880-talet stig talet på religiøse utgjevingar gjennom heile hundreåret, og på 1870-talet er alle samiske utgjevingar religiøse. 1890-talet ser ein ny auke, 29 av 31 utgjevingar er religiøs litteratur, dette er også tiåret på 1800-talet med størst bokproduksjon på samisk. Hundreåret toppar seg med utgjevinga av heile Bibelen på nordsamisk i 1896.

Figur 5.4 gjev eit oversyn over perioden frå 1820-talet til andre verdskrigen. Kategorien «Opplysning» inneheld både skolebøker og folkeopplysning, og kategorien «Samisk» er litteratur skriven for og av samar, anten skjønnlitteratur eller politisk litteratur.

Figur 5.4 Samiske publikasjonar i perioden 1820–1939, etter sjanger



Kjelde: Oria. Sjangerklassifisering: Trond Trosterud.

Tida frå 1884 til 1905 er i norsk politikk prega av arbeidet for norsk sjølvstende frå unionen med Sverige, og frå og med 1890-talet får dette også konsekvensar for den samiske bokproduksjonen. Styresmaktene i det nye, parlamentariske Noreg legg vekt på ei språkleg og kulturell konsolidering. Bruken av nordsamisk som undervisningsspråk blir motarbeidd, til skilnad frå kyrkja, som framleis prioriterer kristendomsundervisning på samisk.³ I dei første par tiåra av 1900-talet blir det ført ein aktiv politikk frå samane si side. Frå og med 1904 kjem den samiske avisa *Sagai Muittalægje* ut. Organisert samisk interessearbeid ser dagens lys og toppar seg med det første samiske landsmøtet i Trondheim i 1917. I ein kvantitativ analyse av bokproduksjonen er dette politiske omslaget lite synleg. Til saman kjem det ikkje ut meir enn fem ikkje-religiøse titlar på heile 1910-talet. Ser vi på bøker gjevne ut av samar på samisk, står vi likevel framfor eit tidsskifte: Dei tre første bøkene som originalt var skrivne på samisk, kom ut dette tiåret. Johan Turi si bok *Muittalus samid birra* = En bog om lappernes liv kom ut i Stockholm i 1910. Den første samiske romanen *Bæivve-alggo* («Daggry») vart skriven av lærar og redaktør Anders Larsen i 1912. I 1914 gav Pedar Jalvi ut dikt- og novellesamlinga *Muottačalmit* («Snøfnugg»). Både Larsen og Jalvi gjev ut bøkene sine for eigen kostnad.⁴ Ingen av desse utgjevingane blir fanga opp av Nasjonalbiblioteket, heller ikkje den einaste av dei som kjem ut i Noreg (Larsen si bok), og berre ei (Turi si bok) er registrert i Oria. I Noreg skulle det etter Larsen si bok gå over seksti år før det kom ei ny bokutgjeving skriven av samar på samisk, antologien (og første bandet i skriftserien) *Čállagat* («Skriftstykke») frå 1973, redigert av Per Ivar Turi.

Publikasjonane av og for samar utgjer dermed ein liten, men merkbar del av dei samiskspråklege publikasjonane dei første tiåra av 1900-talet, og er ein effekt dels av konfirmasjonsundervisninga den nordsamiske kyrkja hadde stått for i tiåra før, og dels av den gryande arbeidarrørsla (Zachariassen 2012). Som stortingsdebatten om eit nytt professorat i samisk etter Friis i 1897 viser, er det usemje om samepolitikken i alle partia, men det er eit klårt fleirtal på Stortinget som står attom fornorskingspolitikken.⁵ Zachariassen drøftar utviklinga i tiåra etter hundreårsskiftet og viser at Isak Saba og Anders Larsen først får støtte for den prosamiske politikken sin i Arbeidarpartiet, men etter kvart vinn den assimulatoriske politikken dei andre partia står for, fram også i Arbeidarpartiet. Publikasjonsverksemda i perioden stør opp om Zachariassen sin analyse: *Sagai Muittalægje* går inn, det kjem ikkje fleire publikasjonar skrivne av samar dei siste tiåra før krigen, og på 30-talet går til og med talet på religiøse publikasjonar ned. Med unntak for dei tause tiåra etter Seminarium Lapponicum er det ingen periode der publikasjonar på samisk utgjer så liten del av publikasjonsverksemda i Noreg som første halvta av 1900-talet, sjå figur 5.2.

³ Qvigstad si tospråklege ABC-bok frå 1885 var ei stor pedagogisk nyvinning samanlikna med Friis si ABC-bok frå 1863. Bortsett frå eit nyopptrykk av Qvigstad si bok i 1914 kjem det ikkje ut skolebøker på samisk før Margarethe Wiig si ABC i 1951. Wexelsenplakaten av 1898 slo fast at samisk og kvensk skulle «ikke Bruges i videre udstrækning, end forholdene gjør uomgjængelig fornødent». Ei god framstilling av samisk politikk, inkludert både intensiveringa av fornorskingspolitikken på 1890-talet og den politiske striden som førte til nederlag for den samiske reisinga rundt slutten av 1910-talet, er gjeven av Zachariassen 2012.

⁴ For opplysningar om Jalvi, sjå Anttonen og Hirvonen 2017 s. 5ff, og for Larsen, sjå Gustavsen 2012.

⁵ Jf. *Stortingstidende indeholdende sex og firtiende ordentlige Storthings Forhandlinger*. 1897 s. 85ff.

Den neste toppen for bokutgjevingar kjem på 1920-talet. Sjølv om det framleis er flest religiøse utgjevingar, har tiåret eit stort innslag av vitskapleg produksjon. Det er likevel eit samband mellom den vitskaplege og den religiøse verksemda: Konrad Nielsens store grammatikk og lærebok hadde i praksis prestane i Troms og Finnmark som si primære målgruppe. Ut over dette får desse utgjevingane ikkje store konsekvensar for det nordsamiske språksamfunnet (men sjå avsnitt 5.2.3. for ei vurdering av nytgjevinga av Nielsen sine verk i 1979).

For perioden før Bergsland-Ruong-rettskrivinga sett under eitt kan ein sjå auken i religiøs litteratur etter 1850 som ein reaksjon på Kautokeino-opprøret i 1852. Den store toppen på 1890-talet, tiåret for utgjevinga av Bibelen, er også det siste tiåret der kyrkje og stat har motsett språkpolitikk.⁶ Etter dette går talet på utgjevingar sterkt nedover i resten av perioden. Berre 1920-talet, då ein stor del av utgjevingane er vitskapleg litteratur, har like mange publikasjonar på samisk som 1890-talet.

5.2.2 Perioden med Bergsland-Ruong-rettskriving (1947–78)

Andre verdskrigen inneber eit skifte i den offisielle politikken andsynes nordsamisk. Både offentlege dokument og framstillingar av sentrale aktørar i samtida ser på andre verdskrigen som det store vasskiljet i norsk samepolitikk. Denne nye samepolitikken vart streka opp i eit møte i Tromsø 29. august 1947, som ifølgje innleiinga til referatet var eit «rådleggingsmøte for drøfting av tiltak med sikte på å gi de samiske minoriteter i Norge og Sverige en hensiktsmessig opplæring og skoleutdannelse, så de både kan bevare sitt kulturelle særpreg og samtidig bli fullverdige lemmar av det folkesamfunn de tilhører». Ekspedisjonssjef Einar Boyesen i Kyrkje- og undervisningsdepartementet tok initiativ til møtet, der m.a. Knut Bergsland og Israel Ruong, Per Fokstad, Margarethe Wiig og skoledirektørane i Nordland, Troms og Finnmark møtte. Boyesen grunn gav skiftet i politikk med at samane ikkje hadde gått inn i NS under krigen, og dermed fortente ein meir positiv politikk frå staten si side.⁷ Ei meir sannsynleg forklaring, om enn ikkje like flatterande for dei norske styresmaktene, er at nazismen hadde diskreditert rasismen som ideologi. Ein stor del av argumentasjonen for fornorskingspolitikken før andre verdskrigen var rasistisk,⁸ og ein slik argumentasjon var i tida etter konsentrasjonsleirane ikkje lenger mogleg frå norske styresmakter si side.⁹

⁶ Sjå likevel Hidle og Otterbech 1917 for ein eksplisitt protest mot fornorskingspolitikken frå kyrkja si side. Delar av denne boka vart også omsett til samisk og fungerte dermed som del av den samiske offentlegheita i samtida.

⁷ Han seier: «Det er kanskje nettopp samenes reaksjon overfor okkupasjonsmakten og N.S. som i vesentlig grad hadde vekket myndighetene til forståelse av at samenes rettigheter som minoritet i det norske fellesskap har vært sørgelig forsømt. Det var fra N.S.-hold under krigen gjort store anstrengelser for å lokke samene med på 'nyordningen', men forgjeves. Dette faktum viste verdifulle egenskaper hos denne lille folkestammen, og det forplikter oss og appellerer til vår ansvarskjensle.»

⁸ Eit tilfeldig døme er når skoledirektør Chr. Bryggfeld i brev til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 29. juni 1923 argumenterer for at samane *som rase* ikkje er i stand til å halde ved like sitt eige språk (Bryggfeld 1923).

⁹ Den gamle tenkemåten var likevel ikkje lenger unna enn at skoledirektøren i Finnmark, Lyder Aarseth, på same møte i 1947 framheva at «I det hele er samene et verdifullt element i det norske folkesamfunn. De er mere oppvakte og intelligente og viser større åndelig plastisitet enn f.eks. kvenene.»

For å setje i verk den nye politikken gjekk Kyrkje- og undervisningsdepartementet aktivt inn og la til rette for ei felles samisk rettskriving for Noreg og Sverige, den såkalla Bergsland-Ruong-rettskrivinga (jf. Bergsland 1951, som går gjennom utarbeidinga av rettskrivinga i 1947 månad for månad). Hanne Gram Simensen skildrar hendinga slik i biografien over Knut Bergsland i Norsk biografisk leksikon: «Etter krigen ble norsk samepolitikk endret, og det ble tillatt å bruke samisk i skoleverket.»¹⁰


Også tilrådinga frå den viktige *Samordningsnemnda for skoleverket* (Samordningsnemnda for skoleverket 1948), der Boyesen var leiar, inneheldt formuleringa «Skal samane få full nytte og personleg utvikling av skolegangen, må dei få høvelege lærebøker på morsmålet». Samordningsnemnda rekna opp lesebøker, lærebøker i religion, naturkunnskap, soge og heimstadiære, som alle burde bli laga som tospråklege lærebøker. Nemnda gjekk elles inn for, i samsvar med innstillinga til Israel Ruong (som ligg med som vedlegg til tilrådinga) at Bergsland-Ruong-rettskrivinga skulle brukast for alle samar i Noreg og Sverige, dvs. for talarar av både nord-, lule-, pite-, ume- og sørsamisk. Den same positive politikken blir vidareført både i Stortingsmelding 9 frå 1954, som mellom anna slår fast at «[s]amiske lærebøker bør utgis», i Samekomiteen av 1956 og i Stortingsmelding 21 frå 1962/63 (jf. Aarseth 2006 s. 25, 35ff, 56ff).

Går vi frå desse politiske formuleringane til dei faktiske publikasjonstala, ser vi eit heilt anna bilete. Figur 5.5 viser utgjevingane år for år, for dei åra Bergsland-Ruong-rettskrivinga var gjeldande.¹¹ Som vist i figur 5.5 får den nye politikken etter krigen berre marginale utslag i bokutgjevingane dei første tiåra. Gjennomgangen av bøkene og dei sjangrane dei representerte i Bergsland-Ruong-perioden, viser at den nye språkpolitikken ikkje blir sett ut i livet. Bokutgjevingsprosenten var framleis liten, relativt sett (jf. figur 5.2). Det kjem heller ikkje ut ein einaste roman på samisk i Noreg i løpet av denne perioden. Dei første publikasjonane som blir skrivne av samar på samisk i Noreg etter 1912, kjem med skriftserien *Čállagat* frå og med 1973. Dei er publisert med norsk skrivemaskin og diakritiske teikn (teikn for å markere samiske bokstavar) ført på med tusj, og gjevne ut med støtte frå Norsk kulturråd, som frå og med opprettinga i 1965 gjorde det mogleg å gje ut bøker utan at ein var kommersielt sjølvfinansiert eller støtta direkte av staten.

¹⁰ Sitat frå Simonsen 2009. Hanne Gram Simensen oppgjev 22.5.2020 at ho hadde fleire samtalar med Knut Bergsland om dette temaet, og at skildringa hennar av skifte av politikk også var Bergsland sitt syn på saka.

¹¹ Ei einaste bok, omsetjinga *Jás buot muorat sæmmal'ag'ažat* av Jan-Magnus Bruheim, utgjeven av Noregs Boklag, kom ut på Bergsland-Ruong-rettskrivinga etter at ho vart avløyst av 1979-rettskrivinga. Elles var skiftet i rettskriving konsekvent gjennomført ved årsskiftet 1978–79.


Figur 5.5 Bokutgjevingar på nordsamisk i Noreg, Bergsland-Ruong-perioden (1947–1978)



Kjelde: Nasjonalbiblioteket

Utviklinga i språkpolitikken kjem klårare fram viss vi deler opp utgjevingane etter sjanger, som i figur 5.6. Perioden er delt opp i tre tiårsperiodar til og med det siste året for rettskrivinga (1978).

Figur 5.6 Bøker i Bergsland-Ruong-perioden, etter sjanger



Kjelde: Nasjonalbiblioteket. Sjangerklassifisering: Trond Trosterud

Figur 5.6 viser stor skilnad i utgjevingsprofilen frå tiår til tiår. I den første tiårsperioden er det opplysingsskrift som dominerer: pamflettar om tran, om alkohol, og om vedlikehald av hus.

Den nest største gruppa er religiøs litteratur. Den boka som får æra av å vere den første til å komme ut med ny rettskriving, er biskop Johan Lunde si samling av preiketekstar for barn. Den eine læreboka som blir gjeven ut i tiårsperioden, Margarethe Wiig sin ABC frå 1951, blir rett nok finansiert av Kyrkje- og undervisningsdepartementet, men prosjektet med å lage ei ABC-bok på samisk som speglar kvardagen til samiske barn, var noko Wiig tok til å arbeide med allereie på 1920-talet, i ei tid då boka var stikk i strid med den rådande politikken. Sjølv om departementet etter krigen betalte trykkekostnadene for boka,¹² var det likevel Wiig som måtte drive gjennom arbeidet med å få henne utgjeven (jf. Nystad og Lund 2009 for ei grundig framstilling av prosessen med å få gjeve ut boka).

Også det andre tiåret i Bergsland-Ruong-perioden inneheld få utgjevingar. Her er lærebøker og barnebøker gruppene med flest bøker, fem og fire bøker. Dei viktigaste lærebøkene er Inez Boon sine bøker om *Lás'se* og *Mát'te*. Det siste tiåret av Bergsland-Ruong-rettskrivinga er prega av læremiddelutgjeving. Den nest største gruppa er barnebøker, i hovudsak omsett litteratur. Den samepolitiske rørsla som voks fram på 1970-talet, er synleg i statistikken med tolv rapportar, dei fleste frå det nyoppretta *Sámi Institut'ta*, og i skriftserien *Čállagat*, som primært inneheldt munnlege forteljingar. Det er verdt å merke seg at det i heile Bergsland-Ruong-perioden ikkje kjem ut ein einaste roman på samisk. Inez Boon sine lesebøker frå 1967–69 var berekna på tida fram til jul i andre klasse, men elevane måtte deretter vente i åtte år, til 1975–77, før dei kunne få lese- og arbeidsbøker for resten av grunnskolen. Som ventetida viser, er kontrasten mellom behovet til elevane og utgjevingstakta slåande.

Også lærebøker kjem det berre ei handfull av på samisk før 1970, og ingen av dei er resultat av ein planmessig politikk for å følgje opp til dømes føringane frå innstillinga til Samordningsnemnda for skoleverket. Margarethe Wiig si ABC, som vart gjeven ut i 1951, hadde vore under arbeid sidan 1920-talet, og var i høg grad eit privat initiativ frå ei viljesterk dame som stod i sterk opposisjon til språkpolitikken frå før krigen, og som i kraft av posisjonen sin i samfunnet (mannen hennar var biskop i Hålogaland) var i stand til å argumentere for læreboka si. Dei neste lærebøkene, Inez Boon sitt læreverk *Lás'se ja Mát'te*, hadde rett nok eit forord underteikna av Folkeskolerådet, men ifølgje forfattaren kom bøkene i stand på følgjande måte:

Det var vel en ren tilfeldighet at daværende skoleinspektør Lydolf Lind Meløy kom over en artikkel om tospråklig undervisning i frisisktalende områder (Friesland) i Nederland, samtidig som han hadde en nederlender i lærerstaben sin. Men det var nå i hvert fall dette sammentreffet som gjorde at jeg i desember 1963 drog på studietur til Friesland og spurte meg selv om de frisiske tospråklige skoler, og de erfaringene man der hadde samlet, kunne nyttiggjøres i de samisktalende distriktene (Boon 2005).

¹² Kvitteringar for ulike kostnader og kopi av ein ekstensiv korrespondanse med ulike forlag om utgjeving av boka er dokumentert i Kyrkje- og undervisningsdepartementet sitt arkiv frå åra før 1951.

Ingen av lærebøkene i samisk før 1970-talet var med andre ord resultat av eit planmessig arbeid frå norske skolestyresmakter. Dei første *Lás'se ja Mát'te*-bøkene kom ut i 1967 og var laga for tida fram til jul i 2. klasse, men for å få lærebok for 3. klasse måtte elevane vente i åtte år.

Lærebøkene for neste klassetrinn, Hatle og Jernsletten sine bøker *Ginna*, *Gal'ka*, *Bor'ta*, *Snår'ra* (1975–1977), hadde som dei første samiske lærebøkene ein samisk lærar som forfattar. Desse bøkene var ei logisk oppfølging av Mønsterplan for grunnskolen 1974, som set følgjande læringsmål for faget *Samisk m/skriftforming*: «Undervisninga i samisk skal ta sikte på å utvikle evna hos elevane til å bruke morsmålet sitt i tale og skrift» (Mønsterplan 1974, s. 116). Læreplanen for faget *Samisk m/skriftforming* går over 12 tospalta sider og inneheld detaljerte delmål for lesing og skriving gjennom heile den niårige grunnskolen. Dette var altså planen for eit fag som då planen vart utarbeidd, berre hadde lesebøker for dei første 1 1/2 åra. Mønsterplanen var også den første læreplanen som nemner samiskfaget; verken *Normalplanane for folkeskolen* (1947, 1954, 1964) eller 1960- eller 1963-utgåva av *Læreplan for forsøk med 9-årig skole* nemner samisk i det heile. Sjølv om dei sentrale aktørane i samtida opplevde det som om fornorskingspolitikken var over allereie i 1945, og sjølv om stortingsmeldingane i 1954 og 1962/63 gjekk inn for at samiske elevar skulle ha tilgang til lærebøker på samisk, var det altså først i 1974 samiskfaget kom inn i Mønsterplanen. Då faget endeleg kom inn der, fekk det straks effekt: Allereie året etter kom dei første lærebøkene som ikkje var utslag av private eller tilfeldige initiativ.

Spørsmålet er så kva det var som var opphavet til denne 30-årige forseinkinga. Ei mogleg forklaring blir fremja av Larsen 2012: Ho hevdar at styresmaktene hadde ein ny samepolitikk i tida etter andre verdskrigen, men at han vart stogga av motstand i dei samiske kommunane.¹³ Ein alternativ analyse av desse åra gjev Bjørklund 2011, som ser motstanden mot den nye samepolitikken i Karasjok rundt 1960 som ein del av den lokale politiske striden mellom Ap og dei borgarlege partia. Han ser også måten den nye samepolitikken vart gjennomført, som ein politikk for sosial likskap, der kulturell likskap vart sett som ein føresetnaden for den sosiale likskapen (Bjørklund 2011 s. 195ff).


Det er i alle fall klart at den «nye samepolitikken» som vart introdusert implisitt med opprettinga av Bergsland-Ruong-rettskrivinga og eksplisitt med Samordningsnemnda og seinare Samekomitéen av 1956, ikkje vart følgt opp med ein konkret politikk før på midten av 1970-talet.

5.2.3 Perioden med den noverande rettskrivinga

Figur 5.7 viser bokproduksjonen i perioden etter innføringa av den nye rettskrivinga i 1979.

¹³For eit oversyn over denne motstanden, sjå særleg Larsen 2012, s. 50f, 79ff, sjå også Aarseth 2006, s. 26ff, 40f.

Figur 5.7 Bokutgjevingar på nordsamisk i Noreg i perioden etter innføringa av den noverande rettskrivinga




Kjelde: Oria.

Figur 5.7 viser eit taktskifte i publiseringa i åra rundt innføringa av ny ortografi. Deretter held utgjevingstakta seg jamn det neste tiåret og fordoblar seg så fram til 1994. Deretter held ho seg jamn, med ein nedgang mot slutten av perioden (denne nedgangen kan vere eit resultat av at ikkje alle utgjevingar er digitalisert og registrert hos Nasjonalbiblioteket enno). Nesten halvparten av utgjevingane i 1979, 32 bøker, er skolebøker. Dette er meir enn under heile perioden med Bergsland-Ruong-rettskrivinga. Rett nok er brorparten av dei ganske små matematikkbøker, og det er tydeleg at forlaga har venta på den nye ortografien, men dei representerer likevel ein heilt ny skolepolitikk, der læremiddel på samisk blir noko meir enn leseboka og bibelhistoria. Også Hatle og Jernsletten sine bøker kjem snart i nye opplag med ny ortografi. Med samisk som fag på læreplanen må det norske skoleverket no for første gong sørge for at det til kvar tid er lærebøker som oppfyller krava i læreplanen. I tillegg blir Konrad Nielsen si lærebok og ordbok, til saman åtte band, gjevne ut på nytt i 1979, i faksimile. Sjølv om bøkene ikkje er i samsvar med den nye rettskrivinga, er utgjevinga av dei i samsvar med den nye språkpolitikken: For første gong på snart hundre år trengst det verkeleg ein grammatikk og ei ordbok som tar språket alvorleg.

Fort aukar bokproduksjonen likevel ikkje. Etter å ha auka frå under 10 til over 50 publikasjonar i året frå og med byrjinga av 1970-talet held talet på årlege publikasjonar seg konstant i nesten 20 år, før det blir dobla, til det nivået det har halde sidan. Denne siste oppgangen fell saman i tid med ei institusjonalisering av den nye samepolitikken, med opprettinga av Sametinget i 1989 og innføringa av dei første fem kommunane i det samiske forvaltningsområdet i 1990. Også her blir med andre ord ytre politiske endringar reflektert direkte i publiseringsstatistikken. I løpet av denne siste perioden kjem det samiske utgjevingar innanfor alle sjangrar, først lærebøker, deretter skjønnlitteratur og til slutt meir faglitteratur. Figur 5.8 viser bokutgjevingane fordelt på sjanger.


Figur 5.8 Bokutgjevingar etter sjanger i perioden etter innføringa av den nye rettskrivinga, 1980–2019



Kjelde og sjangerinndeling: Nasjonalbiblioteket

Som figur 5.8 viser, blir det no publisert bøker innanfor fleire sjangrar enn før. Visse skilnader er det likevel mellom publikasjonar på nordsamisk og publikasjonar generelt, som vist i figur 5.9.

Figur 5.9 Relativ fordeling av publikasjonar etter sjanger, nordsamisk og norsk



Kjelde: Nasjonalbiblioteket. N=404 (nordsamisk), N=70959 (norsk)

Den nordsamiske og den norske sjangermessige utgjevingsprofilen i Nasjonalbiblioteket sin base på 2010-talet er svært like, med eit par unntak: For nordsamisk er det relativt sett ti gonger så mange utgjevingar om språk og naturvitskap som det er for norsk, og for norsk er det meir enn dobbelt så mange utgjevingar innanfor teknologi og skjønnlitteratur. Bortsett frå det er den relative fordelinga for dei to språksamfunna mykje godt dei same. Det som ikkje kjem fram i Nasjonalbiblioteket si sjangerinndeling, er at 30 % av dei nordsamiske bøkene på 2010-talet er skolebøker. Mest dominerer skolebøkene i kategoriane *naturvitskap* og *språk*, der dei utgjer høvesvis 76 % og 68 % av utgjevingane.¹⁴ Den tilsvarande prosenten for norsk (målt berre for 2010) er 37 % og 30 %. At skolebøker utgjer ein større prosent på nordsamisk, er naturleg. Kvar skoleelev treng like mange skolebøker uavhengig av kor mange talarar språket har. Med rundt rekna ti skolefag og tre–fire bøker per fag over tolv skoleår trengst det langt fleire enn dei rundt 120 lærebøkene som kom ut på nordsamisk på 2010-talet.

Figur 5.9 viser elles at den religiøse dominansen frå tidlegare tiår er fullstendig forsvunnen; bøker om religion på nordsamisk utgjer omtrent like mykje som for norsk, relativt sett (5 % og 4 %). Satsinga på skolebøker for nordsamisk gjev seg utslag i ein relativt sett lågare prosent skjønnlitteratur («Litteratur» i figur 5.8 og 5.9) for nordsamisk, 17 % mot 34 % for norsk.

5.3 Det materielle grunnlaget for samisk bokproduksjon

Nordsamisk har rundt 20 000 talarar (jf. Eberhard mfl. 2020), og i nesten heile perioden med samisk bokproduksjon har få eller i lange periodar ingen samiskspråklege lært å lese eller skrive på morsmålet sitt. Dette inneber at det kommersielle potensialet for samiskspråklege utgjevingar manglar, bøkene treng finansiering ut over salsinntektene for å komme ut. Som vi har sett, var den alt dominerande delen av samiskspråklege utgjevingar fram til andre verdskrigen religiøse. Dei vart gjevne ut av kristne forlag som til dømes *Norges Finnemisjons-selskap* og *Selskapet til kristelige andagtsbøkers utgivelse*. Den eine skjønnlitterære boka på samisk som vart gjeven ut i Noreg før 1970-talet, *Bæivve-Alggo*, gav forfattern ut på eigen kostnad. Det økonomiske grunnlaget for den store auken i bokproduksjonen frå og med 1970-talet (jf. figur 5.1) kom av to politiske tiltak: For det første auka skolebokproduksjonen ved at nordsamisk kom inn i Mønsterplanen, slik at staten måtte finansiere utgjevinga av skolebøker på samisk. For det andre tok det til å komme skjønnlitterære utgjevingar, ved at det i 1971 vart oppretta ein komité for samisk litteratur under Karasjok bibliotek, finansiert av Norsk kulturråd. Čállagat-skriftseria (jf. avsnitt 2.3 ovanfor) var eit direkte resultat av dette. Norsk kulturråd løyvde 90 000 kr i året i 1971, gradvis auka til 651 000 kr for 1986, og innførte ei innkjøpsordning for samisk litteratur, kombinert med stipend for samiske forfattarar (NOU 1987: 34, s. 58).

¹⁴ Basert på ein manuell gjennomgang av bøkene på 2010-talet fordeler skolebøkene seg slik: informatikk 0 %, filosofi, psykologi 75 %, religion 42 %, samfunnsvitskap 16 %, språk 68 %, naturvitskap 76 %, teknologi 17 %, kunst og fritid 3 %, litteratur 0 %, historie, geografi 32 %. Med «lærebok» meiner eg «bok som er skriven som pensumbok for eit skolefag» (uansett skoleslag).

Ei anna viktig endring i vilkåra for samisk bokproduksjon skjedde i denne siste perioden: opprettinga av eigne samiske forlag, med forlagsredaktørar som la vekt på redigering og utgjeving av bøker på samisk. Forlaget *Jár'galæd'dji* gav ut bøker frå og med 1976, etter kvart kom også *DAT* (1985), *Girjegiisá* (1987), *Davvi Girji* (1990), *Iđut* (1991) og *ČálliidLágadus* (1999) til. Kombinasjonen av læreplanar, forlag og støtte til forfattarar og publisering var dei faktorane som måtte vere til stades før vi fekk den auken i bokutgjevingane vi ser i perioden 1990–94 (jf. figur 5.7).

Overgangen frå to til ei rettskriving for nordsamisk frå og med 1979 fekk også konsekvensar for bokproduksjonen. Nordsamisk vart eit skriftspråk som sameina talarane over ei majoritets-språkgrense, noko som også var eit sentralt argument for rettskrivingsreforma (jf. Magga 1994). Den viktigaste effekten av at alle nordsamar no hadde same skriftspråk, var at forfattarar frå finsk side fekk tilgang til støtteordningane den nye samepolitikken i Noreg førte med seg, og at dei samiske lesarane på norsk side fekk tilgang til ein mykje større litteratur. Bortimot halvparten av dei 50 skjønnlitterære verka som vart gjevne ut på 1980-talet i Noreg (figur 5.8), hadde forfattarar frå finsk side av grensa.

5.4 Konklusjon

Statistikken over bokproduksjon på samisk i Noreg endrar seg i brå kast opp gjennom hundreåra. Sjølv om nokre av svingingane før andre verdskrigen fell saman med meir eller mindre produktive periodar hos sentrale forskarar, er utgjevingstakta og utvalet politisk styrt gjennom heile perioden, og publikasjonsstatistikken kan dermed gje eit viktig bidrag til å forstå politikken som til kvar tid har vore rådande.

Publikasjonstala før 1900-talet var styrt av dei vekslande prioriteringane til Kyrkja. Frå og med 1900-talet følgjer publikasjonstakta den til kvar tid rådande statlege samepolitikken. Ser vi bort frå religiøse og vitskaplege publikasjonar, kjem det i heile perioden 1890–1939 ut berre ti publikasjonar på nordsamisk (figur 4), halvparten av dei kjem på samisk initiativ. Mellom 1913 og rettskrivingsskiftet i 1979 kjem det heller ikkje ut ein einaste roman på samisk i Noreg. I åra frå 1950 fram til 1973 blir rett nok utgjevingstakta tredobla, men trass i klåre politiske styringsdokument frå 1948 og framover kjem det nesten ikkje ut skolebøker før i 1974, og dei få som kjem ut, gjer det som resultat av private initiativ og tilfældigheiter. Gjennomgangen av publikasjonsstatistikken for bøker på nordsamisk viser at det skulle ta ein generasjon frå den nye politikken vart formulert til han vart sett ut i live.

Overgangen til eitt nordsamisk skriftspråk i 1979 samlar det nordsamiske språksamfunnet, og den nye tilgangen på forfattarar frå finsk side bidrar sterkt til etableringa av ein samisk skjønnlitteratur. Frå og med 1990-talet blir bokproduksjonen dobla på ny. Auken kjem dels på grunn av at det blir meir utdanning med nordsamisk som undervisningsspråk, men dels fell det saman med at samisk blir konsolidert som administrativt språk.

Etter det reelle skiftet i språkpolitikken etter 1970 går den relative delen av samisk bokproduksjon frå 2 ‰ og attende til dei rundt 8 ‰ av den samla bokproduksjonen som det var i tida før den aktive fornorskingstida (jf. figur 2). Sjølv om til dømes talet på lokalhistoriske verk og debattbøker er avhengig av storleiken på språksamfunnet dei oppstår i, er det likevel ikkje slik at det er eit direkte samband mellom kor mange talarar eit språksamfunn har, og kor mange boktitlar dei treng. Skal det eksistere samiskspråklege samfunn i ei moderne tid, treng elevane lærebøker, lærarane lærarretteiingar, ungdommen treng tekstar for dei nye tankane som sprenger seg fram i løpet av ungdomstida, på det språket det sprenger seg fram på. Alle aldersgruppene treng forfattarar for å uttrykke det som elles ikkje kan bli sagt, og språksamfunnet treng tekstar om sentrale tema som opptar det. Og skal tekstane ta dei opp med eit samisk perspektiv, må dei vere skrivne på samisk. For å komme så langt er det ikkje nok med ein bokproduksjon på åtte promille av det som kjem ut på norsk.

5.5 Tiltak

- Eit skoleverk der størstedelen av undervisninga er på nordsamisk og med nordsamiske læremiddel gjev no for første gong på hundre år ein generasjon samar som er meir heime i morsmålet sitt enn i norsk, også som skriftspråk. Dette bør få konsekvensar for den samiske bokproduksjonen.
- Satsinga på nordsamisk lærebokproduksjon dei siste tiåra må halde fram. Det trengst framleis nye titlar, og kontinuerlege læreplanrevisjonar krev også nye lærebøker.
- Lærebøker i historie, religion og samfunnsfag som originalt er skrivne på nordsamisk, har gjort det mogleg å gje undervisninga eit innhald som er relevant for dei samiske elevane. Når den sør- og lulesamiske skolen etter kvart blir styrkt, vil det vere naturleg å omsetje og tilpasse desse lærebøkene heller enn å omsetje tilsvarande lærebøker frå norsk.
- Å få eitt samla nordsamisk skriftspråk viste seg å vere ein styrke for den samiske skjønnlitteraturen. Dette samarbeidet bør halde fram. Sjølv om ulike læreplanar i dei ulike landa gjer det vanskeleg å bruke same lærebøker i fleire land, bør lærebokforfattarar og forlag i dei ulike landa i større grad dra nytte av kvarandre.
- Fleire sentrale tekster, som *Veien til førerkortet* og *Jegerprøveboka*, eksisterer ikkje på samisk. Slike publikasjonar trengst for å kunne få eit funksjonelt samiskspråkleg samfunn. Faglitteratur ut over pensumlitteratur for skoleverket er i det heile eit svakt punkt for den nordsamiske litteraturen.
- Attom den samiske skjønnlitteraturen står det framleis ganske få forfattarar. Å få fram fleire forfattarar krev tiltak som samiskspråkleg forfattarskole og målretta forfattarstipend.
- Samisk tekst er ein svært verdifull ressurs, og det bør vere gode rutinar for å gjere alle samiske publikasjonar tilgjengelege for språkteknologisk forskning og utvikling, til nytte for heile det samiske språksamfunnet.

5.6 Referansar

- Anttonen, Kaija, & Hirvonen, Vuokko (red.) (2017). Pedar Jalvi: Lumihitaleita ja pieniä pakinoita. Enare: Kieletär Inari.
- Bergsland, Knut (1951). Hvordan den nye samiske rettskrivingen ble til. Sámi ællin I (s. 28–50). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørklund, Ivar (2011). Påskeresolusjonen i 1960 – Karasjoks etnopolitiske oppgjør. *Heimen 3* (s. 195–206).
- Boon, Inez (2005). Tospråklig undervisning – for barnets skyld / Guovttgielelalaš oahpahuš – máná dihtii. I: *Samisk skolehistorie 1*. Henta frå <http://skuvla.info/skolehist/boon-n.htm>, <http://skuvla.info/skolehist/boon-s.htm>
- Boyesen, Einar (1956). Samenes skole- og utdannelsesspørsmål. *Sameliv – Same Ællin. Samisk Selskaps Årbok 1956–1958*.
- Brygfjeld, Chr. (1923). Brev til Kirke- og undervisningsdepartementet 29. juni 1923. Henta frå <http://skuvla.info/skolehist/brygfjeld-fhs-tn.htm>
- Eberhard, David M., Simons, Gary F. & Fennig, Charles D. (red.) (2020). *Ethnologue: Languages of the World. Twenty-third edition*. Dallas, Texas: SIL International. Henta frå <http://www.ethnologue.com>
- Forsøksrådet for skoleverket (1960). *Læreplan for forsøk med 9-årig skole*. Utgitt i kommisjon hos Aschehoug.
- Gustavsen, John (2012). Hvem var Anders Larsen? Nordlys, 3. mai 2012. Henta frå <https://www.nordlys.no/kronikk/hvem-var-anders-larsen/s/1-79-6042397>
- Hidle, Johannes, & Otterbech, Jens (red.) (1917). Fornorskningen i Finmarken. Kristiania: Lutherstiftelsens bokhandel.
- Kulturdepartementet (1987). *Samisk kultur og utdanning. De enkelte sektorer. Administrasjon*. NOU 1987: 34.
- Kyrkje- og undervisningsdepartementet (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Aschehoug. Henta frå http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2007061901032
- Larsen, Camilla Bakken (2012). *Oppgjøret som forsvant? Norsk samepolitikk 1945–1963*. Tromsø: UiT. Henta frå <https://hdl.handle.net/10037/4296>
- Magga, Ole Henrik (1994). Hvordan den nyeste nordsamiske rettskrivingen ble til. *Festskrift til Ørnulv Vorren* (s. 269–281). Tromsø museum, Universitetet i Tromsø.
- Nystad, Kristine & Lund, Svein (2009). Samisk lærebokhistorie – glimt frå ei uskriven historie. I: Skjelbred/Aamotsbakken (red.): *Norsk lærebokhistorie II – En kultur- og danningshistorie*, Novus forlag 2009. Henta frå <http://skuvla.info/sambok-n.htm>
- Qvigstad, Just (1899). Uebersicht der geschichte der lappischen sprachforschung. *Journal de la Société Finno-Ougrienne XVI*, 3 (s. 11–29).
- Samordningsnemnda for skoleverket (1948). Tilråding III om samiske skole- og opplysningsspørsmål. Oslo: Brødrene Tengs trykkeri.
- Simonsen, Hanne Gram (2009). Knut Bergsland. *Norsk biografisk leksikon*. Henta frå <https://nbl.snl.no>.
- Zachariassen, Ketil (2012). *Samiske nasjonale strategar. Samepolitikk og nasjonsbygging 1900–1940. Isak Saba, Anders Larsen og Per Fokstad*. Kárášjohka: ČálliidLágádus.
- Aarseth, Bjørn (2006). *Norsk samepolitikk 1945–1990*. Oslo: Vett & viten.